

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1258  
5943 Austrheim

Austrheim samfunnshus har glede av å invitere til

### HEIMELAGA SØNDAGSMIDDAG

ein gong i månaden.

Datoane resten av året er:

12.10 klokka 15:00-17:00

9.11 klokka 15:00-17:00

7.12 klokka 15:00-17:00

For å beregne mat ønskjer vi  
påmelding.

Send gjerne SMS til 901 08 446


Vi tilbyr ein variert og god meny,  
med tilbod om dessert



AUSTRHEIM SAMFUNNSHUS ARRANGERE OGSÅ **BASAR** 5. 10. 2025 KLOKKA 16:00.

Om du ønskjer å kjøpe lodd, kontakt Marius Hope på telefon 917 07 031! Vel møtt!

Kyrkjebakken nr: 7 - 2025 - september - årgang 54- Nytt stoff innan 17.oktober



**KYRKJEBAKKEN**  
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



# Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

Følg med på heimeside, facebook og plakat for eventuelle endringar.

**Onsdag 24.09 kl. 11.00**  
Bygdatreff

**Søndag 28.09 kl. 17.00**  
Gudsteneste

**Søndag 12.10 kl. 12.00**  
Gudsteneste. 50-årskonfirmantar

**Søndag 19.10**  
Salmekveld med forsongarane og band

**Fredag 24.10 kl. 17.30**  
Pyjamasfest for 3- og 4-åringar

**Søndag 26.10c kl. 12.00**  
Familiegudsteneste

**Onsdag 29.10 kl. 11.00**  
Bygdatreff

**Søndag 02.11 kl. 19.30**  
Helgemesse.

Minnast dei som har gått bort siste året

## UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

Frist innlevering:	Kyrkjebakken kjem ut:
17.oktober	29.oktober
14.november (julenummer)	26.november (julenummer)
16.januar	28.januar
13.februar	25.februar

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14) Bodil Monslaup 414 57 215 Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90, eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydkontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

**Kontortider:**  
Sokneprest:Trefftid etter avtale  
Kyrkjeverje:

**Bustadtelefonar:**  
Stein Hugo Fykse 909 60 154  
Kyrkjeverje Jostein Hauge 404 66 211  
Organist Lyder Minde Janøy 930 52 962  
Kyrkjetenar Gry Haukeland 413 08 558  
Soknerådsleiar  
Helge Dyrkolbotn 416 62 610  
Trusopplærar  
Amelie K. Storebø 483 57 027

**Redaksjonen**  
Epost kyrkjebakken:  
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,

Adresse: 5943 Austrheim  
Trykk og Design Trykk-Service as

Framsidebilde av Konfirmantar:  
Carsten Rasmussen

# Takksemd

«Takk alltid vår Gud og Far for alle ting i namnet åt vår Herre Jesus Kristus.» (Ef. 5,20)

Evangeliet oppfordrar oss til å leva liv prega av takksemd. Ofte kan det vera vanskeleg. Kvar enkelt av oss har byrdar og ting i livet som er tunge, og det er lett å fokusera på desse. Det kan vera därleg helse, sorg, einsemd, problem i familien, eller andre ting.

Å løfta blikket og også vera takksam gjev oss betre liv, midt i alt det som er vanskeleg. Psykolog Maria Abrahamsen skriv i boka «Takknemlighetsjournal»: «Ikke bare gir takknemlighet oss håp og gjør oss mer tilfredse og optimistiske. Det bidrar i tillegg til å redusere depresjon, angst, misunnelse og stress.»

Etter å ha budd i Vest Afrika i mange år, kan eg vitna om at det ikkje berre er helse og velstand som avgjer om me er glade og har det godt. Takksemd over små og store ting spelar òg ei viktig rolle.

Kva signingar har du i ditt liv? Kva har du å vera takksam for?

For nokon kan det vera vanskeleg å koma på noko. I så fall vil eg hjelpe med éin ting me alle har å vera takksame for: I møte med det vonde og mørke i oss og rundt oss, har Gud gjort noko for å hjelpe oss. Han sendte Jesus Kristus som sa:

«Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Den som høyrer mitt ord og trur på han som har sendt meg, har evig liv og kjem ikkje for dommen, men har gått over frå døden til livet.» (Johannes 5,24)

Maria, Jesu mor, takka Gud og lovsong: «Mi sjel høglovar Herren, og mi ånd frydar seg i Gud, min frelsar.» (Luk.1,46-47) Maria hadde funne eit ankerfeste som stod fast også når alt anna visna og fall saman, og ho takka Gud.

**Frode Brügger Sætre**





# Gudsteneste for alle

Det var hausttakkefest som var tema på Gudsteneste for alle denne gongen. Vi fekk som vanleg god hjelp til å dramatisere fram preika der Monica Catrin fekk vere med å gi av innhaustinga og Jan Roald fekk vere Paulus. Historia om Paulus minner oss om at personlegdomen vår, evnene våre, det vi har lært på skulen og andre stader, det vi synest er interessant og gøy – alt dette som er oss (og det er jo så flott at vi er forskjellige!) – vi kan takke Gud for det og gje av oss sjølve til Gud. Nokon har estetisk sans og kan pynte ei kyrkje med frukt og grønsaker. Nokon kan syngje og spele. Nokon er gode på data. Korleis kan Gud bruke deg?



## Austrheim sokn

### Gravlagde

09.09.2025

16.09.2025

Rigmor Askvik

Helge Martin Hopland

f.1946

f.1949

### Døypte

14.september:

Elian Krossøy Fredheim

Emelin Nordgulen Fonnes

Thea Kjelstrup Mejer



TID:

Torsdag 16. oktober

STAD:

Austrheim folkebibliotek

KI 18.00

Årsmøte, for alle medlemmer

KI 19.00

Hagekveld, ope for alle

Tema for hagekvelden er  
«Hagen sett med insektenes øyne».   
Vi får besøk av  
Thomas Rikstad frå Rikstad Bigård.

Det vert loddsal og kaffi.  
Hold av dagen! Vel møtt!



Austrheim hagelag

# MISJONSMØTE I KYRKJELYDSHUSET

MANDAG 03.  
NOVEMBER  
KL. 19.00



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: [WWW.KILSTRAUMEN.COM](http://WWW.KILSTRAUMEN.COM)



## TEMA: GLEDA OVER Å FÅ VERE EI VIKTIG BRIKKE I GUDS STORE PUSLESPER



Tidlegare Kamerun-misjonær  
Mona Rosvold fortel korleis ho har fått oppleve å vere ei viktig brikke i misjonen si teneste – både som misjonær i Kamerun, som frivillig i NMS sitt misjonsarbeid i Nordhordland og dei siste åra som frivillig på Alværa kyrkje- og misjonsenter ved Sognefjorden. I oktober 2023 drog Mona attende til Kamerun og deltok på kyrkja sitt 100-årsjubileum der. I hennar biletframvising på misjonsmøtet denne kvelden får vi sjå bilete og høre forteljingar om kva misjonen sitt arbeid har hatt å seie for kyrkjeveksten i Kamerun og for auka misjonsengasjement i vår eigen region.

Det vert enkel kvelds og loddtrekning

**Arr: Kjerringrokken**



**ANNONSE I  
KYRKJEBAKKEN?**

<b>Heilside</b>	<b>1000,-</b>
<b>Halvside</b>	<b>500,-</b>
<b>1/3 side</b>	<b>350,-</b>
<b>1/4 side</b>	<b>250,-</b>
<b>Små annonser</b>	<b>150,-</b>
<b>Takkeannonser</b>	<b>GRATIS!</b>

## DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



### Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

## GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.  
Se på utvalg på: [www.oenstein.no](http://www.oenstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN

Mob. 481 31 534

[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)

VATNE  
begravelsesbyrå  
DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø  
[vatne-byra.no](http://vatne-byra.no)

NORDHORDLAND  
BEGRAVELSESBYRÅ  
HEDER

Varm. Lokal.  
Erfaren. Åpen.

Marit K. Haukeland Marita Haukeland Sølvi H. K. Mjøs Therese Kvalhaug

Tlf: 56 37 14 10 - [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no) - Kyrkevegen 1, Alversund - Havnevegen 3, Frekhaug

## Tanker frå orgelkrakken, høsten 2025

Vi har hatt ein fantastisk sommar med sol og varme både på Vest- og Austlandet. Vi fekk møte vener og familie og både nesten kvar dag. Då eg svetta som verst møtte eg ein mann som skulle til Syden veka etter. Eg syntest synd på han.

Så var det godt å kome tilbake på jobb. Eg gler meg til kvar arbeidsdag. Kona mi meiner at det må tyde på at eg likar jobben min.

I haust er eg student igjen, for første gong sidan eg var ein ung og ambisiøs jazzpianist i USA på nittitalet. Eg skal studere orgelspel og kyrkjemusikk. Frå jazzmusikar til kantor – går det an? Den unge utgåva av meg ville nok vore skuffa: Var det dette eg skulle ende opp som?

Då eg kom til Boston var draumen å bli ein høgt respektert musikar og spela

med dei beste. Den første veka skulle vi vurderast av lærarane. Kor flinke var vi? Fire disciplinar, fire karakterar. På lappen i postkassa stod det fire tall på ei rad. Det var knusande. Eg klatra gradvis oppover, men hadde alt sett meg sjølv i feil lys. Pianisten i meg blei gradvis borte.

På fleire måtar blir kanskje denne tida her på Austrheim og Fedje som ei heimkomst. Eg drog ein gong ikkje berre frå barndomshjemmet mitt, men òg frå byen, landet – og frå fellesskapet eg hadde vakse opp i.

Å få spele musikk i eit stille og andektig kyrkjerom er heilt spesielt. Det skjønte eg ikkje då eg var ung. No fyller det meg med inspirasjon og ærefrykt. Difor børstar eg i haust støv av den gamle skulesekken og gjer plass til meir musikk.

*Lyder Minde Janøy*



# Min Salme

**Elling Føyen – østlending, gift med Laila  
Rebnord og takknemlig for hytte i Øyane.**

I mange år var jeg ikke så opptatt av øst og vest, nord og sør. Men, etter at jeg som østlending har blitt kjent med det åpne landskapet og den fine skjærgården vest i Austrheim, har jeg skjønt hvor viktig det er med himmelretningen. Særlig på sjøen er det nyttig å vite hvor jeg er og hvor jeg skal, og vindretning og vindstyrke er avgjørende for hvordan båtturen blir. I det åpne landskapet blir det tydelig hvor sola står opp, og hvor den går ned.

I min barndom husker jeg at bestefar, som var sløydslærer og søndagsskolelærer, spilte en gammel salme på sitt trøorgel. I voksen alder har jeg oppdaget denne salmen på nyt. Den brukes ofte i begravelser, men jeg synes at den er fin også i andre faser av livet. Når jeg en tidlig sommermorgen våker til soloppgangen over Fonnes og Masfjorden, eller når jeg ser den røde og varme solnedgangen vest for Fedje, da synner jeg på salmen som min bestefar sang ved sitt trøorgel:



*Jeg er i Herrens hender  
når dagen gryr i øst.  
Hver morgen han meg sender  
sitt ord med lys og trøst.  
Hva dagen meg vil bringe  
av glede og av savn,  
jeg kan på bønnens vinge  
få kraft i Jesu navn.*

*Jeg er i Herrens hender  
i alt som med meg skjer.  
I smil og gråt jeg kjenner  
at Herren er meg nær.  
Om jeg i dype daler  
må gå den tunge vei,  
fra himlens høye saler  
hans øye følger meg.*

*Jeg er i Herrens hender  
når dagen dør i vest.  
Min synd jeg stilt bekjenner  
for ham, min høye gest.  
Han gir meg himlens nåde  
og setter englevakt  
for natten han vil råde  
med hellig guddomsmakt.*

*Jeg er i Herrens hender  
når dødens bud meg når.  
Mens lyset stilt nedbrenner,  
fra ham jeg hilser får.  
Han gir meg stav i hånde,  
han gir meg trøst i sinn,  
og glemt er ve og vånde  
på vei til himlen inn.*

SONG-KAFÈ FOR PERSONAR  
MED DEMENS OG PÅRØRANDE

## SYNG MED OSS

SENIORSENTERET

ONSDAG 10. SEPTEMBER KL. 15.00  
ONSDAG 15. OKTOBER KL. 15.00  
ONSDAG 12. NOVEMBER KL. 15.00  
ONSDAG 10. DESEMBER KL. 15.00

PÅMELDING TIL LEIAR I AUSTRHEIM FRIVILLIGSENTRAL  
[RIGMOR.LUDVIGSEN@AUSTRHEIM.KOMMUNE.NO](mailto:RIGMOR.LUDVIGSEN@AUSTRHEIM.KOMMUNE.NO)  
TELEFON 456 35 324

STØTTA AV NORDHORDLAND DEMENSFORENING



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Hovudbiblioteket  
Tysdag 10 - 15  
Onsdag 14 - 19  
Fredag 10 - 15

Fonnes filial  
Torsdag i oddeltalsveker  
10 - 16

Fonnes filial finn du på Kaland skule.  
Inngang ved den gamle naturfagsalen,  
i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Følg oss gjerne på Facebook.

GOD BOK



### KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel  
Tlf: 40 90 02 16  
Sætremarka 2 -k-hus  
Tysdag ,Torsdag

### DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson  
Tlf: 96 62 66 56  
Sætremarka 2 -K-Hus  
Tysdag , Onsdag og Torsdag



## LEGEVAKT/AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 hele døgeret.

Legevakt 116117

### AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Fra 1. april blir det utvidet  
telefontid ved legekontoret.  
Telefonen vil da opne  
kl. 08.30 mandag til fredag.  
Torsdag er det kl. 09.00 .  
Så da blir telefontiden som følger:  
Mandag til fredag:  
08.30-12.00 og kl. 13.00-14.00,  
Torsdag: 09.00-12.00 og 13.00-14.00.

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:  
kl 08.30- 15.00  
Helsesøster tlf. 56 16 82 11  
Jordmor:  
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)  
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen /kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42  
56 16 21 38

Høryselskontakt i Austrheim 56 16 21 23



## LANDBRUKSDAGEN I AUSTRHEIM

Iørdag 27.09.2025 kl 10.00-15.30 i og ved Austrheimhallen

Velkommen til ein triveleg dag for små og store,  
med mange ulike aktivitetar.

Små og store dyr, maskinutstillingar,

Mongstad-50-år-utstilling,

Kåring/mønstring av vèrlam,

Sal av husflid og gardsmat m.m.,

Demonstrasjon av mobilt sagbruk og i Velte-Peren kan du  
prøve traktorvelt.

Loddsalg, tipping, lykkehjul,

Ansiktsmaling, trøtraktor,  
mjølkespann og hesteskokasting for å nemne noko.

Det vert sal av betasuppe, hot dogs og  
lappar, kaffi, saft og brus.

Betaling med Vipps eller kontant.

Parkering etter anvisning og gratis  
veteranbuss-skyss til og frå.

*Ha ein kjekk dag!*

Arr : Austrheim landbrukskinnelag, Austrheim sau og geit,  
Radøy sau og geit, Vest Villsaulag

Treng du nokon å snakke med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.



22 40 00 40  
soschat.no

KIRKENS  
**SOS**

- Å gje noko til andre gjev like  
mykke tilbake, om ikkje meir.

Ove, frivillig i Kirkens SOS i 25 år.

Nye innføringskurs  
startar i september.



**Bli frivillig på chat og telefon  
– og gjer ein forskjell!**

Les meir her: [kirkens.sos.no/frivillig](http://kirkens.sos.no/frivillig)

KIRKENS  
**SOS**